

The background of the image is a solid teal color. It is decorated with a Sierpinski triangle pattern, which consists of various sizes of triangles. Some are solid teal, while others are filled with a pattern of smaller teal triangles. The pattern is most prominent in the top-left and bottom-right corners, with smaller, isolated triangles scattered throughout the rest of the frame.

AZETS

Tønsberg Næringsforening

Nytt rekneskapsår - reglar og viktige datoar

18.02.2021

Randulf Bakken

Kvalitetsdirektør

Azets Insight AS




Randulf Bakken

- Kvalitetsdirektør i Azets Insight AS
- Over 30 års erfaring frå rekneskapsbyråbransjen
- Tilsett i Azets (Visma) frå 2006
- 59 år
- Gift
- 2 barn - 3 barnebarn
- Fødd, oppvaksen og bur på Vatne på Sunnmøre
- Kronisk nysgjerrig på det aller meste.....



Dagens tema:


- Kva endringar ser vi innafor skatt/avgift/selskapsrett rekneskap i 2021
- Kva er dei viktigaste datoane den næraste tida



Litt om rammene

I utgangspunktet er det ikkje store endringar frå 2020 til 2021

- 2020 prega av utsettingar og koronatiltak
- 2021 alt kan endre seg på grunn av koronatiltak




Kva er nytt i 2021

- ❖ **SAF-T** - Kravet til å kunne rapportere rekneskapsdata i SAF-T formatet trådte i kraft 1.1.20, men koronadispensasjon til 1.1.21
 - Rekneskapstransaksjoner som skal sendast inn ved Bokettersyn og liknande skal inn på dette formatet
 - Det gjeld alle transaksjon som i utgangspunktet er elektronisk
 - Skattemelding MVA skal i 2022 leverast på SAF-T-format
- ❖ **Ny digital skattemelding for næringsdrivande** - Standard dataformat - innsending frå system vert hovudregel
 - ENK - pilot i 2021 for Skattemelding 2020
 - AS - pilot 2022 for Skattemelding 2021
 - Resterande - pilot 2023 for Skattemelding 2022
 - Alle skattemeldingar i 2024 for Skattemelding 2023
- ❖ **Ny løysing for MVA registrering** - gamle løysingar vert stengt ned slik
 - Nyregisterering 1. mars 2021
 - Endring og utmelding 2. kvartal 2021
 - Slutt på papirsøknader 2. kvartal 2021



Kva er nytt i 2021

- ❖ **Arbeidsgiveravgift - Ambulerande verksemd**
 - Skal bruke satsen der hovuddelen av arbeidet vert utført
- ❖ **Ny særavgift på produksjon av fisk frå 1.1.2021**
 - Laks, aure og regnbogeaure oppdrett
 - Første rapportering og betaling 18.1.2022
- ❖ **MVA på alternativ behandling og kosmetisk kirurgi frå 1.1.21**
 - Ordinær MVA-sats
 - Unntak avgrensa til å gjelde kosmetisk kirurgi
 - som er medisinsk indiser
 - heilt eller delvis finansiert av det offentlege
 - Utsett virketidspunkt for
 - Osteopati og naprati 1.7.21
 - akupunktur 1.10.21
- ❖ **Oppbevaringstid av tolldokumentasjon med underdokumentasjon til 5 år**
 - Samordna med ordinær oppbevaringstid



Kva er nytt i 2021

- ❖ **Endring i BSU-ordninga**
 - Ikkje lenger skattefrådrag for innskot når ein eig bustad
 - Eigarskap heilt eller delvis er likestilt
 - Gjeld ikkje fritidsbustad
- ❖ **Verdsettelsesrabatten for arbeidande kapital vert auka frå 35% - 45% gjeld**
 - børsnoterte aksjar, jf. sktl. § 4-12 1. ledd
 - ikkje-børsnoterte aksjar, jf. sktl. § 4-12 2. ledd
 - eigenkapitalbevis mv., jf. sktl. § 4-12 5. ledd
 - aksjeandel i verdipapirfond, jf. sktl. 4-12 6. ledd 2. punktum
 - frådrag for gjeld skal reduserast tilsvarende ved formuesfastsettinga, jf. sktl. § 4-19
- ❖ **Det er innført saldoavskrivning frukt og bærfelt med virkning for 2020**



Kva er nytt i 2021


Trekkfrie satser knytt til reise for 2021 (ikkje komplett)

Skattefrie satser	2021
Bilgodtgjerse	kr 3,50 pr km
Passasjer tillegg	kr 1,00 pr km
Dagdiett reise 6-12 timer	kr 200,-
Døgndiett reise over 12 timer med overnatting	kr 400,-
Natt tillegg	kr 435,-




Kva er nytt i 2021

- ❖ **Grensa for skattefrie gåver i arbeidstilhøve er auka til kr 5.000**
 - Ikkje lenger krav til at det er ei generell ordning
 - Fri telefon/breiband (elkom) kan komme inn under ordninga
 - Kan ikkje vere pengar
- ❖ **Jubileum- og omtankegåver**
 - 20, 30, 40, 50 eller 60 års tenestetid
 - Grense kr 8.000,-
 - Andre jubileum og omtankegåver
 - Bedriften feirar 25 år eller eit tal år som er delelig med 25 (eksempelvis 50 år, 100 år osv)
 - Mottaker giftar seg
 - Mottaker fyller 50, 60, 70 eller 80 år
 - Mottakar går av med pensjon eller sluttar av anna grunn etter minst 10 år i bedriften
 - Beløpsgrense kr 4.000,-
- ❖ **Skattefrie personalrabbattar er framleis kr 8.000,-**



Kva er nytt i 2021

- ❖ **Influensavaksiner kan dekkjast skattefritt**
- ❖ **Innføring av arbeidsgiverperiode II ved permittering**
 - Permittert over 30 veker siste 18 måneder
 - 5 dager lønsplikt
 - Foreslått iverksett 1.6.21
- ❖ **Selskap som har valgt å ikkje ha revisor treng ikkje å få revidert mellombalansar i 2021**
 - Mellombalansen skal sendast inn til Rekneskapregisteret dersom den vert brukt som utbyttegrunnlag
- ❖ **Forretningshemmelighetsloven har trådt i kraft**
- ❖ **Ny arvelov har trådt i kraft**
- ❖ **Ny revisorlov har trådt i kraft**



Kva er nytt i 2021


Korona-tiltak - kva skjer

- ❖ **Lav sats meirverdiavgift er sett ned frå 12% til 6% fram til 30.06.2021**
 - Gjeld persontransport, overnatting kulturarrangement m.v.
- ❖ **Utsett betalingsfrist for formuesskatt for verksemdsformue for 2020**
 - søknadsfristen er fristen for skattemeldinga (31.5.21 - 6% rente)
- ❖ **Tilbakeføring av underskot i 2020 mot overskot i 2018 og 2019**
 - Gjeld for selskap og er avgrensa til underskot opp til MNOK 30
- ❖ **Den ekstra startavskrivninga i saldogruppe D er ikkje videreført**
 - Den “store” gruppa for maskiner og utstyr
- ❖ **Dersom det er søkt om utsett betaling av skatte og avgiftskrav pr 31.12.20**
 - nedbetalingsordning over 6 mnd.
- ❖ **Frist for å søkje refusjon av sjukepengar er igjen 3 månader**



Viktige datoar

- ❖ **Skattemessig bustad vert avgjort etter kvar du bur 1. januar (tidlegare 1. november)**
- ❖ **Forskotsskatt for personlege skatteytarar har forfall**
 - 15. mars
 - 15. juni
 - 15. september
 - 15. desember
- ❖ **Dersom det er søkt om utsett betaling av skatte og avgiftskrav pr 31.12.20, så blir det ei nedbetalingsordning over 6 mnd.**



Viktige datoar

- ❖ **28.2.21 Frist for sjølvstendig næringsdrivande og frilansera til å søkje kompensasjon frå NAV for inntektsbortall pga korona i januar 2021**
- ❖ **1.3.21 Frist for å søkje lønstilskot for å ta permitterte tilbake i jobb for oktober-desember 2020**
- ❖ **14.3.21 Frist for å søkje kompensasjonsordning 2 for termin 5 og 6 2020**
- ❖ **31.3.21 Frist for sjølvstendig næringsdrivande og frilansera til å søkje kompensasjon frå NAV for inntektsbortall pga korona i februar 2021**
- ❖ **30.4.21 Frist for levering av skattemelding for privatpersonar**
- ❖ **15.5.21 Frist for å søkje kompensasjonsordning 2 for termin 1 2021**
- ❖ **31.5.21 Ordinær frist for skattemelding for næringsdrivande**




Viktige datoar

- ❖ **30.6.21 Ordinær frist for å handsame årsrekneskapen i generalforsamlinga**
- ❖ **31.7.21 Frist for innsending av årsrekneskapen til Rekneskapsregisteret**
- ❖ **31.7.21 Siste frist for attestasjon søknader Kompensasjonsordning 1**
 - Søknader med kompensasjon på > kr 15.000,- skal attesterast av rekneskapsførar eller revisor
- ❖ **1.12.21 Frist for å søkje om 2 månadleg MVA-termin**
 - Fristen for å søkje om årleg oppgåve var 1. 2.21


Det må påreknast at det kjem andre viktige datoar knytt til korona-tiltak

- ❖ Det er klart at ulike ordningar vil strekkje seg til over sommaren
- ❖ Avheng av korleis næringslivet vert påverka av koronasituasjonen



Kva meir kan vi vente?

- ❖ **Nye krav til openheit om leiarløn i børsnoterte selskap**
 - Første rapportering i årsmeldinga for 2021 som skal lagast i 2022
- ❖ **Auka fokus på berekraft og berekraftsrapportering**
 - Dette vil på ulike måter gjere seg gjeldande i åra som kjem
 - Starter med dei store selskapa
 - Kan kollidere med ønskje om å gjere ting enklare
 - EU har vedteke at finansbransjen skal sørge for berekraftig finansiering
- ❖ **Sirkulær økonomi**
 - Vært ein del av det grønne skiftet
 - Tek tid å tilpasse tankesett og regelverk
 - redusere bruk og kast
 - auke vedlikehald og gjenbruk





Takk for merksemda, og lukke til!

